



UNIVERSITETET I BERGEN
Utdanningsavdelingen

Kollegiesekretariatet
Muséplass 1

saksbeh.: Iren Igesund
direkte tlf.: 55 58 94 83
e-post: iren.igesund@ua.uib.no

UNIVERSITETET I BERGEN Administrasjonen	
Sak nr. 05/11019	Dok nr. 3
15 DES. 2005	
Arkivkode.	008
Saksbeh..	
U.off.	

Universitetet i Bergen
Utdanningsavdelingen
Seksjon for student- og fakultetstjenester
besøksadr.: Langesgt. 1-3
postadr.: Postboks 7800, 5020 Bergen
tlf.: 55 58 93 14 / 55 58 88 48
faks: 55 58 96 43
post@ua.uib.no
www.uib.no/ua/

dato: 13.12.2005
saksnr.: 2005/11019A-2
side 1 av 3

Høyring - NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet

Utdanningsavdelinga viser til brev datert 10.11.05 vedrørende høyring av NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet.

Vedlagt ligg vårt forslag til høyringsuttale. Læringsmiljøutvalet har i møte den 09.12.05 fatta vedtak om å støtte vedlagte forslag til høyringsuttale.

Med venleg helsing


Mette Myrmell Torrisen
Utdanningsdirektør


Iren Igesund
førstekonsulent

kopi til: Læringsmiljøutvalet
Rådet for funksjonshemma studentar

NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet. Høyringsuttale frå Universitetet i Bergen.

Innleiing

Universitetet i Bergen viser til brev frå Det kongelige justis- og politidepartement datert 7. juli 2005 der vi blir bedt om å gi ein høyringsuttale til NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet. Nedanfor følgjer ein slik uttale.

NOU 2005:8 foreslår ei lov om forbod mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Ei antidiskrimineringslovgeving kan ha store konsekvensar for korleis utdanningsinstitusjonane utformer læringsmiljøet, og for kva slags plikt lærestadane har for å legge til rette for studentar med ulike funksjonsnedsettingar.

Grunnlagsdokumentet for lova er NOU 2001:22 Fra bruker til borger. Den foreslår handlingsplanar på tre område: bygg, transport og IKT/informasjon med tidsfristar, nasjonale standardar og økonomiske verkemiddel. Universitetet i Bergen skreiv ein høyringsuttale til denne NOU-en når den var på høyring i 2002. Vi tilrådde då at det vart innført ei antidiskrimineringslov i Noreg som skulle forby diskriminering og ha som formål å likestille.

Mange land har antidiskrimineringslover, blant anna Storbritannia, Canada, Australia og USA. Det er ein internasjonal trend med lovgjeving på dette området. Sjølv om det har vore stor framgang når det gjeld medvit om funksjonshemma dei siste åra, er det likevel langt igjen til at funksjonshemma er inkludert i det norske samfunnet. Universitetet i Bergen er difor positiv til at det endeleg ligg føre eit forslag til ei lov som forbyr diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne.

Universitetet i Bergen ønskjer å uttale seg om §§ 9-11 i lovforslaget, som vi ser på som mest relevante for vår sektor.

Universitetet i Bergen sitt syn på lovforslaget

Universitetet i Bergen støttar § 9 om plikt til generell tilrettelegging. Det er ei god målsetjing at hovudløysinga i dei fysiske tilhøva skal vere universelt utforma, slik at den kan nyttast av flest mogleg. § 10 om plikt til individuell tilrettelegging inkluderer universitet og høgskular ved at institusjonane får plikt til å foreta rimelig individuell tilrettelegging. Universell utforming vil ikkje vere mogeleg i alle tilfelle, og då er det behov for individuell tilrettelegging. Men ein bør gå for universelle løysingar så langt råd er.

§ 11 handlar om universell utforming av bygg og anlegg. Vi er samde i at individuell tilrettelegging er nødvendig, men det er svært uheldig at utvalet avgrensar tilgjenge og universell utforming til berre å gjelde bygg, utemiljø og produkt. På denne måten fell tilgjenge til læringsmateriell, formidlingsformer, informasjon og informasjonstenester stort sett utanfor lova sine verkeområde. Dette vil redusere tilgjenge til høgare utdanning.

Vi lever i eit informasjons- og kommunikasjonssamfunn. Innanfor høgare utdanning foregår læring og formidling i sterkare grad enn tidlegare gjennom IKT. Eksempel på dette er LMS-system, elektronisk saksbehandling og generelle studentportalar som i

dag stenger ute mange studentar. Grunnleggande og allmenne IKT system bør difor vere tilgjengelege for alle. Nye system må utformast etter prinsippet om universell utforming i så stor grad som råd, eller gjerast tilgjengeleg i den grad universell utforming ikkje er mogleg.

Utvalet viser til eigen manglande kompetanse for ikkje å ville gå inn på IKT og informasjon. Det er svært uheldig at utvalet har valt bort eit kjerneområde med ei slik grunnngjeving. Utvalet burde ha innhenta den kompetansen som faktisk finst på dette området.

Universitetet i Bergen sluttar seg difor til mindretalet sitt forslag om at IKT og samferdsel skal omfattast av skyldnadane i § 11.

Vi ser også eit behov for sanksjonar (straffe- og tvangstiltak) for at lova skal ha reell innverknad og ikkje bli ei symbollov.

Avslutningsvis vil vi påpeike at kravet til konkrete tidsfristar når det gjeld universell utforming for nybygg og vesentlege endringsarbeid i §11, vil medføre at Universitetet i Bergen får vesentlege større utgifter. Det vil difor vere behov for ekstra tilførsel av statlege ressursar.